



Notat

Dato: 04.10.2016
Arkivsak: 2016/2011-30
Saksbehandlar: ireolse

Til: Fylkeskasseraren

Frå: Eigedomsavdelinga

Rekneskapsavslutting prosjekt nr. 02127 - Stend vgs - omb. for tilrettelagt opplæring

Rekneskap: 32 447 561,63 Budsjett: 32 000 000,-

Fuv 226/12 – FT 54/12	7 600 000,-
Fuv 160/13	17 000 000,-
Fuv 33/14	1 500 000,-
Budsjettendring	5 900 000,-

Fuv 226/12 – FT 54/12 – løyving 7 600 000,-

Utdrag frå saka:

«Finansiering og kostnad

Prosjektet har ei samla kalkyle på om lag 15 million kroner.

Ein rår til at prosjektet blir finansiert gjennom bruk av midlar frå posten for ombygging/mindre tilbygg i skulesektoren og gjennom bruk av fondsmidlar frå salet av Mobergslie i 2006.

Det står att 7,4 million kroner som udisponerte midlar frå salet av Mobergslie. Dette er midlar som er forutsatt nytta til å finansiera bygningstiltak på vidaregåande skular i fylket, med sikte på å gjere desse meir tilgjengelig for funksjonshemma. Desse midlane treng vi truleg godkjenning frå stiftelsestilsynet for å nytte.

Ein rår til at det vert løyvd 7,6 million kroner frå posten for ombygging-/mindre tilbygg i skulesektoren for 2012. Vidare rår ein til at en godkjenner at restmidlar frå salet av Mobergslie vert nytta, dersom ein har høve til det.»

Fuv 160/13 – løyving 17 000 000,-

Utdrag frå saka:

«Prosjektet var til politisk handsaming i Fylkestinget 16.10.2012 – 17.10.2012, sak 54/12, der det vart løyvd 15 million kroner.

Prosjektet har i mellomtida vore ført vidare med prosjektering fram til forprosjekt og utarbeiding av tilbudsgrunnlag for totalentreprise med forhandlingar. I samband med prosjekteringsfasen vart det gjennomført ei avgrensa avdekking og riving av bygningsdelar innvendig i bygget for å få eit betre grunnlag for prissetting.

Det er no kome inn tilbudspriser på dette, og ein kan difor leggje fram meir realistiske og endelege kostnadstall.

Sum totale prosjektkostnader er no kome opp i 32 millioner kroner inkl. mva og uforutsette kostnader, prisauke, marginer og reserver.

Auken i kostnader er relativt stor og nærmer seg nybyggpris.

Årsaken til dette har samanheng med følgjande tilhøve:

- Generelt høgere prisnivå på ombygging og rehabilitering i marknaden enn forventa
- Meir omfattande ombygging enn det som vart klarlagt før prosjektering og rivingsarbeid vart gjennomført.
- Bruksendring av eit opphavelig internatbygg til føremål spesialundervisning.
- Omsyn til byggets verneverdi (middels/stor) både når det gjeld bygningsstruktur/eksteriør og bygget som ein del av heilskapen i området ved Stend hovedgård.
- Omsyn til renessansehagen på Stend i samband med utvendige tiltak som inngangspartier, tekniske anlegg og øvrig infrastruktur utomhus.

Det vert derfor bede om ei løyving på 17 millioner kroner for auka kostnadsramme.»

Fuv 33/14 – løyving kr 1 500 000,-

Utdrag frå saka:

Prosjektet har ei kostnadsramme på 32 million kroner. Prosjektet er i hovudsak finansert innanfor rammeløyvinga til ombygging / mindre tilbygg i skulesektoren.

I ft-sak 54/12 er det lagt til grunn at 7,4 million kroner av prosjektet skal finansierast ved å nytte ubrukte midlar frå salet av Mobergslien. Vedtaket var gjort med atterhald for godkjenning frå stiftelsestilsynet. Det syner seg at slik godkjenning ikkje er naudsynt, men ettertida har og vist at ubrukte midlar frå salet var 1,5 million kroner lågare enn lagt til grunn i saka. For å fullfinansiera kostnadsramma manglar ein difor 1,5 million kroner, og rår til at desse vert løyva frå inneverande års rammeløyving for ombygging – mindre tilbygg i skulesektoren.

Kommentar:

Prosjektet vert avslutta med ei overskriding som skuldast utgifter til husleige. Dette gjeld kompensasjon for oppsigelse av avtale med bondelaget på Stend.

Bjarte Molvik
Seniorrådgjevar

Irene Olsen

Vedlegg: Statusrapport